

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Møtebok

Møtedato: 30.04.2018

Møtetid: Kl. 09:00-12:30

Møtestad: Rådhuset, 216

Saksnr.: 4/18 – 6/18

Følgjande medlem møtte	Parti
Olav Ellingsen, kontrollutvalsleiar	Sp
Gøril Tveiten Lie, nestleiar	MDG

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Jonas Ure Hylland	H	Kjell Nordgulen	Ap

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte
Olav Ellingsen	Sak 5, vedlegg 2, samt under handsaming av saka frå Kjell Nordgulen utlevert i møtet.	Ingen

Møteleiar:	Olav Ellingsen
Frå sekretariatet møtte:	Harald Mo, PwC
Frå administrasjonen møtte:	Rådmann ved Reinhardt Sørensen og Christoffer Elgåen
Frå revisjonen møtte:	
Andre som møtte:	Ordførar og styreleiar i Aurland Hamnevesen KF Noralv Distad
Dokument utlevert i møtet:	Sak frå Kjell Nordgulen 27.04.2018 om sikring av rett i eigedom. Saka følgjer som vedlegg 1 til møteboka
Synfaring:	
Merknader:	

Underskrifter:

SAKLISTE

Sak nr.	Sakstittel	Ope/lukka
4/2018	Godkjenning av møteprotokoll 07.02.2018	O
5/2018	Drøftingsaker, skriv og meldingar	O/L
6/2018	Årsmelding og årsrekneskap for Aurland Hamnevesen KF 2017	O

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 4/2018 Godkjenning av møteprotokoll

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	30.04.2018	4/2018

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møte 07.02.2018 vert godkjent.

30.04.2018 KONTROLLUTVALET

SAK-4/18 VEDTAK

Møteprotokoll frå møte 07.02.2018 vert godkjent.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 5/2018 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Harald Mo	Møtedato 30.04.2018	Saknr 5/2018
-----------------------------------	-------------------------------	------------------------

Refererte skriv og meldingar:

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	22.03.2018	Ikkje off.	Varsel til kontrollutvalet. Unnteke offentlegheit med henvising til forvaltningslova § 13
2	28.02.2018	Advokat Arne Gjeraker	Aurland kommune – Byggjesak – Plan og forvaltningslova. Manglande oppfølging av tiltak som skal byggjesøkjast – Klokkargarden i Aurland.
3	09.02.2018	Skatteetaten	Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjaren for Aurland kommune
4	16.03.2018	Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Ny personvernlov frå 2018 – Status for tilpassing i Sogn og Fjordane Fylkeskommune
5	23.04.2018	Datatilsynet	Nye personvernregler for 2018. Hva betyr det for din virksomhet? https://www.datatilsynet.no/globalassets/global/regelverk-skjema/forordningen/punktliste-til-ny-forordning_web.pdf
6	23.04.2018	PwC	Utdrag frå onepager frå PwC om GDPR
7	25.02.2018	Harald Sjursen	Påminning om spørsmål i tidlegare e-postar til Aurland kommune frå Interessegruppa for Friområdet Neset i Flåm
8	23.04.2018	Forum for kontroll og tilsyn	Fagkonferanse 2018

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

30.04.2018 KONTROLLUTVALET

Orienteringar i møtet:

1. Orientering frå styreleiar i Aurland Hamnevesen KF etter vedtak i sak 7/2017 om styreevaluering. Styreleiaren opplyser at styret sjølv har gjennomført ei evaluering av sitt arbeid og at det no blir gjennomført godt og forsvarleg styrearbeid i Aurland Hamnevesen KF.
2. Epost frå Harald Sjursen, vedlegg 7, orientering frå rådmannen ved Reinhardt Sørensen og Christoffer Elgåen. Administrasjonen opplyser at brev til Interessegruppa for Friområdet Neset i Flåm er klart og skal sendast ut med det første.
3. Byggjesak jf. vedlegg 2, orientering frå rådmannen ved Reinhardt Sørensen og Christoffer Elgåen
4. Sak frå Kjell Nordgulen, utdelt i møtet, orientering frå rådmannen ved Reinhardt Sørensen og Christoffer Elgåen

Drøftingssaker

- Endring av møtedatoar i juni og september 2018
- Utnytting av opsjon i avtale med KPMG for revisjonstenester. Gjeldande avtale går frå 1.7.2016 til 1.7.2018. Kommunen kan forlenge avtalen med 2 år.
- Kontrollutvalet bør drøfte om ein skal be om status frå rådmannen kring reglane i ny personvernlov, jf vedlegg 4-6.

SAK-5/18 VEDTAK:

Møtedatoane for dei to neste møta blir flytta, nye datoar er 28. mai og 12. september.

Kontrollutvalet vedtek at avtalen med KPMG blir forlenga med 2 år frå 1.7.2018. Sekretariatet avklarar med rådmannen korleis praktisk gjennomføring av forlenginga skal skje.

Kontrollutvalet sender spørsmåla i vedlegg 4 om ny personvernlov over til rådmannen og ber om ei orientering om status i neste møte.

Kontrollutvalet ynskjer i neste møte ei orientering frå rådmann og ordførar etter forvaltningsrevisjonsrapport av 27.01.2017.

Kontrollutvalet ber om ei orientering frå rådmannen i neste møte om korleis kommunen sikrar seg forsvarleg rett til eigedom der ein har inngått avtale om kjøp, men der tinglysing av skøyte skjer seinare enn ved ordinære eigedomskjøp.

Kontrollutvalet ber om å få tilsendt kopi av svar til Interessegruppa for Friområdet Neset i Flåm når dette vert sendt ut.

Kontrollutvalet tek elles orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 6/2018 Årsmelding og årsrekneskap for Aurland Hamnevesen KF 2017

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	30.04.2018	6/2018

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2017 for Aurland Hamnevesen KF slik den ligg føre. Uttalen vert oversendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

30.04.2018 KONTROLLUTVALET

SAK-6/18 VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2017 for Aurland Hamnevesen KF slik den ligg føre. Uttalen vert oversendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

Samrøystes.

Vedlegg 1 til møtebok for kontrollutvalet i Aurland 30.04.2018

KONTROLLUTVALET I AURLAND KOMMUNE

V/leiar Olav Ellingsen

4745 Aurland

27-04-2018

Sida eg er kalla inn til møte i kontroll utvalet fyrst komande måndag den 12.05.2018 har lyst å kome med eit framlegg til ei ny sak som kan ha stor interesse for ålmenta i kommunen å få avklara.

Areal som er regulert til bustadformål på eigedommen til avdøde Hans Winjum, betalt av Aurland Kommune og pr. dags dato er ikkje Aurland kommune formell eigar av arealet !!!!!

Det gjeld arealet som Aurland Kommune har regulert/kjøpt til bustad formål av no avdøde Hans Winjum. Eg er kjent med at arealet er pr. i dag regulert til bustad formål. År 2013 betalte Aurland kommunen til Hans Winjum rundt 5.000.000,- kroner for arealet PR. Dags dato er det ikkje framlagt eit skjøte som syner at Aurland Kommune har overtatt nemde areal som er regulert til bustadformål. Vanleg praksis ved overdraging av eigedom er at betaling skjer samtidig som skjøtet vert overlevert til kjøpar. Skjøtet vart etterlyst i kommunestyret i oktober 2017. Ber om at kontrollutvalet etterlyser skjøtet der det går klart fram at Aurland Kommune har overteke arealet som er regulert på eigedom tilhøyrande Hans Winjum.

Med helsing

Kjell Nordgulen

Varamedlem i kontrollutvalet.